



MØREFORSKING

Årsrapport 2003




Formål

Møreforskning skal gjennom kunnskapsutvikling på utvalde område medverke til utvikling og nyskaping i nærings- og samfunnsliv i regionen. Samstundes skal instituttet vere aktivt og konkurransedyktig i det nasjonale og internasjonale forskings-

systemet. Det skal leggast særleg vekt på å styrkje den innovative rolla i samarbeid med regionalt næringsliv og offentleg forvaltning.

Organisasjon

(gjeldande frå 1.1.02)



Eit hovudstyre på åtte medlemmer er det øvste organet i stiftelsen. Hovudadministrasjonen for stiftelsen ligg i Volda.

Frå 1.1.02 er Møreforskning organisert etter ein *konsernmodell*. Forskningsverksemda er lagt til dei to forskingsavdelingane *Møreforskning Volda* og *Møreforskning Ålesund* og dotterselskapet *Møreforskning Molde AS*. Aksjonærar i dotterselskapet er Møreforskning (51 %) og Høgskolen i Molde (49 %).

Hovudstyret i Møreforskning i 2003

Medlemmer

Adm. dir. Odd Folland (leiar)
Ass. nærings- og miljøsjef Bergljot Landstad
Prosjektleiar Gerd Slinning
Førsteamanuensis Jon Olav Myklebust (n.leiar)
Organisasjonsarbeidar Kjell Fevåg
Direktør Knut Stenerud
Forskingsleiar Johann Roppen
Forskar Margareth Kjerstad

Personlege varamedlemmer

Ole Johan Vidhammer
Fylkesutdanningsjef Per Hoem
Divisjonsdirektør Roar Tobro
Førsteamanuensis Per Sætre
Distriktssekretær Per Ørnulf Andersen
Konserndirektør Sverre Devold
Forskingsleiar Iren Stoknes
Forskar Randi Bergem

Oppnemnande instans

Møre og Romsdal fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Noregs forskingsråd
Høgskolane i Møre og Romsdal
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Næringslivets Hovedorg. (NHO)
Avdelingane i Møreforskning
Personalet i Møreforskning

Hovudkontoret i Volda - administrasjonen i 2003

Direktør Bjørn Stave - Førstekonsulent Anna Driveklepp (til 1.9.03) - Førstekonsulent Anne Aarskog (frå 1.9.03) - Konsulent Marit Eliassen

Publisering i 2003

I 2003 hadde konsernet Møreforskning følgjande tal publikasjonar:

Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift som bruker fagkonsulent (referee) i kvalitetssikringa: 10
Artiklar i norske vitenskaplege tidsskrift som bruker fagkonsulent (referee) i kvalitetssikringa: 3
Kapittel eller artiklar i fagbøker, lærebøker, konferanserapportar og fagtidsskrift: 11
Rapportar i eigen rapportserie: 60

Rapportar til oppdragsgivarar: 6
Foredrag/framlegging av paper/poster: 36
Populærvitenskaplege artiklar og foredrag: 23
Leiarar, kommentarar, meldingar, kronikkar og liknande publisert i tidsskrift, dagspresse: 9

Meir informasjon om publikasjonane finst på Møreforskings heimeside www.moreforsk.no.

Årsmelding

Generelt

Frå 1.1.02 er Møreforsking organisert etter ein *konsernmodell*. Konsernet er sett saman av stiftelsen Møreforsking og dotterselskapet Møreforsking Molde AS. Stiftelsen har dei to avdelingane *Møreforsking Volda* og *Møreforsking Ålesund* og eit hovudkontor lagt til eit sekretariat i Volda. Aksjonærar i dotterselskapet er stiftelsen Møreforsking (51 %) og Høgskolen i Molde (49 %). Prinsippa for dotterselskapet si deltaking innanfor konsernet er regulert gjennom vedtekter og aksjonæravtale.

I Møreforskings strategisk plan for perioden 2002 – 2004 er sentrale mål å styrke instituttets nettverk og posisjon nasjonalt og internasjonalt, samstundes med ei styrking av den regionale rolla. Møreforsking skal ha ei pådrivarrolle når det gjeld å utvikle og få gjennomført FoU-prosjekt til nytte for næringsliv, offentleg forvaltning og samfunnsliv elles i regionen. Samstundes er det eit mål å vidareutvikle samarbeidet med høgskolane i regionen og internt i Møreforsking.

Utførte årsverk ved instituttet var 40,4. Årsverka fordelte seg med 9,8 på Møreforsking Volda, 14,8 på Møreforsking Ålesund, 2,3 på sekretariatet og 13,5 på Møreforsking Molde AS.

Personale

I løpet av året var i alt 89 personar knytte til Møreforskings verksemd i heil- eller deltidstilling eller på timebasis. Av dei 52 som var tilsette i eit stillingsomfang på 20 % eller meir av heil stilling, hadde 43 Møreforsking som hovudarbeidsgivar medan 9 hadde hovudstilling ved ein av dei samarbeidande høgskulane. I denne gruppa var det 5 med kompetanse som professor/seniorforskar/forskar I og 11 med kompetanse som førsteamanuensis/forskar II. Ein av forskarane disputerte for doktorgraden og 3 var i gang med vidareutdanning fram mot doktorgraden.

Det er praktisert full likestilling i høve til alle stillingar og funksjonar ved instituttet og det er i 2003 ikkje gjennomført spesielle tiltak på dette feltet.

Arbeidsmiljø – ytre miljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har ikkje vore rapportert om skadar eller ulykker. Samla sjukefråvær i kon-

sernet var på 2,31 årsverk eller 5,72 % av det samla talet på årsverk. For stiftelsen Møreforsking og Møreforsking Molde AS var sjukefråværet på høvesvis 4,35 % og 8,44 %.

Konsernet Møreforsking har ikkje aktivitet som har negative følgjer for det ytre miljøet.

Fagleg verksemd

Stiftelsen Møreforsking si forskingsverksemd er fordelt på følgjande hovudområde: Velferdsforskning (ungdoms-, utdannings- og helse- og sosialforskning), planlegging, organisasjon og styring (regional utvikling, næringsutvikling og evaluering av offentleg verksemd), media og informasjon og fiskeri og havbruk. Det er også ein del aktivitet innanfor humanistisk forskning og miljø- og materialteknologi. Dessutan blir det arbeidd med å bygge opp forskning innanfor maritim sektor i nært samarbeid med Høgskolen i Ålesund. Dette er eit viktig satsingsområde sett i høve til næringsstrukturen i Møre og Romsdal.

Hovudområda for Møreforsking Molde AS er transportøkonomi, logistikk for privat og offentleg sektor og evaluering, utgreiing og analyse av offentlege tiltak og verkemiddel.

Møreforsking deltek i ei rekkje faglege nettverk og fleire av prosjekta er gjennomførde i samarbeid med andre forskingsinstitusjonar. Instituttet har formelle samarbeidsavtalar med høgskolane i fylket, AS SNF, SINTEF fiskeri og havbruk AS og AKVAFORSK AS. I årsrapportane frå avdelingane og dotterselskapet er det gitt glimt frå den faglege verksemda.

I 2003 er det arbeidd aktivt for å kome i betre inngrep med EU-forskinga. Dette har resultert i at Møreforsking Ålesund har kome med i eit integrert prosjekt (SEAFoodPlus) i EU's 6. rammeprogram. Prosjektet er på det marine området og har rundt 70 deltakande partar. Dessutan har Møreforsking Molde AS kome med som underleverandør på to EU-prosjekt innanfor logistikk.

Prosjekttilgangen var rimeleg god på dei fleste satsingsområda i 2003. Stiftelsen har to strategiske instituttprogram (SIP) frå Forskingsrådet. Dette gjeld "Auka verdiskaping av marine ressursar gjennom utnytting av ny teknologi", knytt til Møreforsking Ålesund og



Direktør Bjørn Stave.

"Kommunikativ planlegging og utvikling" knytt til Møreforsking Volda. Det første SIPet har som mål å vidareutvikle kompetansen innanfor marin bioteknologi og transport av levande sjømat. Det andre SIPet er retta mot planlegging i offentleg sektor med særleg vekt på strategisk og mobiliserande planlegging. Strategiske instituttprogram spelar ei viktig rolle for kompetanseoppbygginga ved instituttet.

Økonomi

Årsrekneskapan legg til grunn vidare drift av konsernet Møreforsking som i 2003 hadde brutto driftsinntekter på vel 28,93 mill. kroner. Driftsinntektene for stiftelsen Møreforsking og Møreforsking Molde AS var på høvesvis 20,34 mill. kroner og 8,86 mill. kroner. Rekneskapan viser eit årsresultat for konsernet med eit overskot på kr 1 067 644. Dette er sett saman av eit positivt årsresultat på kr 1 212 430 for stiftelsen Møreforsking og eit negativt årsresultat på –kr 144 787 for Møreforsking Molde AS.

Av samla konserninntekter var 2,4 mill. kroner eller knapt 8,3 % grunnfinansiering frå Noregs forskingsråd. I tillegg hadde konsernet tilskot frå Forskingsrådet på vel 2,1 mill. kroner til strategiske instituttprogram (SIP) og 1,148 mill. kroner i generelle midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

I samband med disponering av årsoppgjeret er det sett av kr 89 172 til stimuleringsfond ved sekretariatet. Etter gjeldande retningslinjer fastsette av styret, kan stimuleringsfondet nyttast til utvikling av samarbeidsprosjekt internt i konsernet, utvikling av internasjonalt samarbeid, styrking av næringsretta forskning og kompetanseutvikling. I 2003 vart dei to førstnemnde områda prioriterte.

Perspektiv framover

Det økonomiske grunnlaget for drifta i 2004 er tilfredsstillande. Dei seinare åra er det arbeidd spesielt for å styrke eigen-



Styret i Møreforskning i 2003, frå venstre: Knut Stenerud, Odd Folland (styreleiar), Kjell Fevåg, Bergljot Landstad, Bjørn Stave (direktør), Gerd Slinning, Johann Roppen, Margareth Kjerstad, Jon Olav Myklebust (nestleiar).

For konsernet har det i perioden 1994-2003 vore følgjande utvikling i fordelinga av prosjektinntektene etter kategoriar oppdragsgivarar:

	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Statleg sektor	43 %	41 %	27 %	33 %	30 %	25%	21%	35%	36%	35%
Kommunal sektor	6 %	6 %	5 %	7 %	3%	11%	9%	11%	14%	12%
Næringsliv, organisasjonar, andre	36 %	39 %	45 %	23 %	32 %	27%	38%	22%	24%	23%
Forskningsrådet	15 %	14 %	23 %	37 %	35 %	37%	32%	32%	26%	30%

kapitalen ved avdelinga Møreforskning Ålesund (MFÅ). Gjennom tilføring av eigenkapitaltilskot i 2002 og eit svært godt årsresultat i 2003, er eigenkapitalen for MFÅ styrkt vesentleg. Ved inngangen til 2004 var oppdragsdekninga bra på dei fleste av instituttet sine arbeidsområde. Men det ligg likevel ei stor utfordring i at nokre av arbeidsområda har ei svak dekning frå hausten 2004. Dette krev ekstra satsing for å sikre nye oppdrag på desse områda.

Det nasjonale forskningssystemet er under endring. Universitet og høgskolar blir ut-

fordra og gitt incentiv til å styrke engasjementet innanfor oppdragsforskning med relevans for samfunns- og næringsliv. Samstundes vil regjeringa i 2004 ha ein gjennomgang av heile instituttsektoren. I denne situasjonen er det viktig for Møreforskning å vidareutvikle det godt etablerte samarbeidet med høgskolane i regionen og klargjere posisjonen i forskningssystemet både i høve til rolle og forskingsprofil. Møreforskning må utnytte fordelene ved geografisk og kulturell nærleik til brukarar av forskning i eigen region og vidareutvikle pådrivarrolla i høve til utvikling og gjennomføring av fors-

king til nytte for næringsliv, forvaltning og samfunnsliv elles i regionen. For å kunne ivareta denne rolla på ein god måte er det viktig at instituttet også legg vekt på rolla som bindeledd mot andre FoU-miljø nasjonalt og internasjonalt. Samstundes er det framleis ei utfordring å styrke samverknaden mellom einingane innanfor konsernet Møreforskning.

Møreforskings viktigaste ressurs er ein motivert og fagleg solid stab. Styret vil takke alle tilsette for engasjement og god innsats i året som gjekk.

Volda, 31.12.03/30.4.04

Odd Folland
leiar

Margareth Kjerstad

Gerd Slinning

Jon Olav Myklebust
nestleiar

Bergljot Landstad

Knut Stenerud

Kjell Fevåg

Johann Roppen

Bjørn Stave
direktør

Resultatrekneskap

Utdrag¹⁾

Stiftelsen 2003	Stiftelsen 2002	Møreforsking	Konsern 2003	Konsern 2002
2 672 144	2 639 423	Driftsinntekter		
275 336	240 996	Tilskot	3 548 000	3 517 000
17 394 905	14 990 817	Inntekt konsernselskap		
20 342 385	17 871 236	Andre prosjektinntekter	25 383 265	22 616 776
		Sum brutto driftsinntekter	28 931 265	26 133 776
		Driftskostnader		
4 956 687	3 412 472	Direkte prosjektkostnader	6 261 776	4 556 437
11 661 052	11 373 910	Personalkostnader	17 851 626	18 087 420
2 839 802	2 486 567	Andre driftskostnader	4 002 080	3 811 116
91 082	124 575	Avskrivning	252 107	322 531
19 548 623	17 397 524	Sum driftskostnader	28 367 589	26 777 504
793 762	473 712	Driftsresultat	563 676	- 643 728
418 668	529 031	Netto finansresultat	503 968	768 762
1 212 430	1 002 743	Årsresultat	1 067 644	125 034
		Av dette minoritetsint. sin resultatandel	- 70 946	- 430 077
		Balanse		
		Utdrag ¹⁾		
		Eige		
5 329 340	5 229 001	Anleggsmidler	2 300 758	2 240 630
17 690 324	14 991 738	Omlaufsmidler	22 615 850	20 518 650
23 019 664	20 220 739	Sum eige	24 916 608	22 759 280
		Eigenkapital og gjeld		
300 000	300 000	Innskoten eigenkapital	300 000	300 000
12 633 506	11 421 075	Opptent eigenkapital	12 173 218	11 105 575
10 086 159	8 499 664	Gjeld	12 443 390	11 353 706
23 019 664	20 220 739	Sum eigenkapital og gjeld	24 916 608	22 759 280

¹⁾ Fullstendig årsrekneskap og revisjonsmelding kan ein få ved å vende seg til Møreforskings administrasjon.

Volda, 31.12.03/30.4.04

Odd Folland
leiar

Jon Olav Myklebust
nestleiar

Kjell Fevåg

Margareth Kjerstad

Bergljot Landstad

Johann Roppen

Gerd Slinning

Knut Stenerud

Bjørn Stave
direktør

Møreforsking Ålesund

Generelt

Møreforsking Ålesund (MFÅ) har lokaler ved sjøen i Gangstøvika, i nær tilknytning til Høgskolen i Ålesund sine anlegg innen havbruk og foredling.

MFÅ har sin hovedkompetanse innen anvendt forskning. En stor del av aktiviteten foregår i samarbeid med regionale bedrifter.

Forskningsområder

Det aller meste av arbeidet er innenfor fiskeri og havbruk. En mindre oppdragsaktivitet pågår innen miljø- og materialteknologi. Det er tatt initiativ til å bygge opp aktivitet innen maritim sektor – i nært samarbeid med Høgskolen i Ålesund.

Arbeidet innen fiskeri og havbruk spenner over hele næringskjeden fra biologisk og ressursforskning, over fangst og foredling til produktutvikling og marked. Det er et utstrakt samarbeid med forskningsinstitusjoner nasjonalt og internasjonalt. Samarbeidsavtaler er inngått med SINTEF Fiskeri og havbruk AS og med AKVAFORSK.

MFÅ har støtte fra Forskningsrådet til et strategisk instituttprogram for er å styrke kompetansen innen marin bioteknologi og lagring/transport av levende sjømat.

Personale

Ved årsskiftet hadde avdelingen 16 personer med Møreforsking som sin hovedarbeidsgiver, og det ble utført totalt 14,8 årsverk.

Økonomi

MFÅ hadde 12,3 mill. kroner i inntekter. Basisbevilgningen fra Forskningsrådet utgjorde 14%. De øvrige inntektene var fra prosjektarbeid med finansiering fra næringsliv og offentlige instanser.

Dyphavsarbeidet har skapt næringsutvikling



Brunhå og isgalt på lina ombord i M/S Leinebris.

Kommersialisering av dyphavsarter i norsk fiskerinæring har hatt et tverrfaglig fokus, med forsøksfiske og prosjektaktiviteter innen biologi, redskapsteknologi, produksjon, kartlegging av råstoffegenskaper og markedsutvikling.

Hovedmålsetningen i "Handlingsplan for djuphavsaktiviteten" var at en i perioden 2001 til 2003 skulle fiske 6000 tonn (rundvekt) dyphavsarter i Nord-Atlanteren, til en verdi av 60 millioner kroner. I treårsperioden har en fisket 7552 tonn rundvekt dyphavsarter til en verdi på vel 70 millioner kroner. Dyphavsarter har blitt et driftsalternativ for enkelte linefartøy. Et langsiktig samarbeid med utvalgte eksportører har medført at det er etablert regulært salg av mange arter og produktvarianter.

Langsiktighet hos finansieringskildene, samt tverrfaglighet i utviklingsarbeidet er viktige suksessfaktorer. Engasjement og faglige dyktighet hos næringsaktørene som har vært involvert, er likevel hovedgrunnen til at en har lyktes i næringsutviklingen.

Doktorgradsavhandling om blåkkeite

I desember 2003 leverte Agnes C. Gundersen sin doktoravhandling om blåkkeite i Barentshavet. Arbeidet har vært gjort i samarbeid med Havforskningsinstituttet og Institutt for Fiskeri- og Marinbiologi ved Universitetet i Bergen.

Avhandlingen beskriver blåkkeites reproduksjonssyklus gjennom året og konkluderer at hovedgytingen skjer om vinteren. Gyttefeltene ligger i Egga-kanten fra Tromsøflaket og nordover til Bjørnøya. Det er funnet at blåkkeitehunnene gyter mellom 7000 og 148000 egg og at antallet er relatert til fiskestørrelsen. Stor blåkkeite legger flest egg. Egg og klekte larver driver med vannmassene. Flesteparten ser ut til å drifte rundt Svalbard til oppvekstområder på østsiden av øygruppen. Dette er vist både gjennom modelleringsarbeid og feltstudier.



På skattejakt i dyphavet

I de store havdypene finnes fiskearter og organismer med egenskaper som vi ikke kjenner til fra livet ved jordoverflata. Artene i dypene har utviklet spesielle biokjemiske systemer for å tilpasse seg et liv i mørke, kulde og med høyt trykk. Disse ukjente systemene og nye stoffene kan, som den tropiske regnskogen, kalles "fremtidens gull". Mer kunnskap kan gi nye bidrag til blant annet den medisinske forskningen.

Møreforskning har startet jakten på stoffer fra dyphavshai som kan gi gode helseeffekter. Arbeidsmetodikken kalles bioprospektering. En forsker har vært på studieopphold hos spesialister i New York og lært laboratoriemetoder for å studere stoffer som virker drepende på bakterier. Slike egenskaper er allerede påvist i flere organer fra hai. I samarbeid med Høgskolen i Ålesund har Møreforskning etablert en satsing for å bygge opp et felles kompetansemiljø i marin bioteknologi; *Biotech Møre*. En faggruppe på 12 personer er tilknyttet.



Lever, egg, mage og andre organer fra «haiens indre» kan være grunnlag for medisiner og helsekostprodukter.

Blåskjell – delikatesser fra norske fjorder

Møre og Romsdal har med de næringsrike fjordene gode forutsetninger for å etablere ei solid næring innen oppdrett og eksport av ulike skjellarter.



I samarbeid med blåskjelldyrkere og AKVAFORSK arbeider Møreforskning med kartlegging av gode oppdrettslokaliteter for blåskjell i fjorder på Nordmøre. Flere lokaliteter blir vurdert i forhold til påslag av ny yngel og tilvekst på ett års gamle skjell. Kvalitetssegenskaper som farge og størrelse blir undersøkt.

I prosjektet "Blåskjell - levedyktighet fra lokalitet til marked" er det etablert et samarbeid med Norwegian Sea Farmers AS, Sæplast AS og Kulde og Elektromekaniske AS. I prosjektet blir blåskjell utsatt for ulike miljøpåvirkninger før, under og etter transport. Dette blir gjort for å teste ut metoder som skal gjøre blåskjell mer rustet for transport, og gi økt overlevelse og kvalitet når produktet når markedet.



Iren Skjåstad Stoknes, adm.leder/forskningsleder.

Administrasjon

Dr. ing. Iren S. Stoknes, forskn.leder
Siv.øk. Gunnar Gundersen, øk.-ansv.
Ing. Harald Inge Haagensen, EDB-ansv.

Fiskeri og Havbruk

Gruppeleder
Dr.ing. Iren S. Stoknes, forskn.leder

Prosjektmedarbeidere:

Cand.sci. Jan Erik Dyb, forsker
Bioing. Wenche Emblem, vit.kons.
Fiskerikand. Kari L. Fjørtoft, forsker
Cand.sci. Inge Fossen, forsker
Cand.sci. Agnes C. Gundersen, forsker
Ing. Harald Inge Haagensen, ingeniør
Høgskolekand. Ann Helen Hellevik, forsk.ass.
Fiskerikand. Margareth Kjerstad, forsker
Siv.ing. Jannicke F. Remme, forsker
Cand.mag. Jan Erich Rønneberg, vit.kons.
Dr.sci. Marianne Synnes, forsker
Cand.sci. Stig Tuene, forsker
Cand.mag. Andreas W. Wammer, vit.kons.
Cand.real Astrid K. Woll, forsker
Dr.sci. Grete H. Aas, forsker

Cand.sci. Anne Stene, l.aman. HIÅ

Miljø og Materialteknologi

Gruppeleder
Siv.ing. Lars Petter Bryne, høgskolelektor HIÅ

Prosjektmedarbeidere:

Ing. Bjørn O. Bigseth, avd. ing. HIÅ
Ing. Kjell Borgund, avd.ing. HIÅ
Dr.ing. Annik M. Fet, professor NTNU
Ing. Gunnar Liadal, avd.ing. HIÅ
Siv.ing. Gunnar Nybø, dagl.leder Marine Rådgivningstjenester AS
Ing. Terje Røbekk, avd.ing. HIÅ
Ing. Kurt Sagen, avd.ing. HIÅ
Siv.ing. Arne J. Sollied, høgskolel. HIÅ
Dr.ing. Vilmar Æsøy, l.aman. HIÅ

Møreforsking Volda

Generelt

Møreforsking Volda (MFV) held til på same område som Høgskulen i Volda. Forskarane som har MFV som hovudarbeidsgjevar held til i ein eigen paviljong.

Forskningsområde

Mesteparten av verksemda til MFV fell innanfor to område:

- Regional utvikling
- Velferdsforsking

Det er også noko oppdragsverksemd innan humanistiske fag og mediefag. Dei viktigaste oppdragsgjevarane er Forskningsrådet og offentleg forvaltning på kommune-, fylkes- og statleg nivå. Så godt som alle oppdraga er finansiert av norske oppdragsgjevarar.

Forskningsområdet Regional utvikling arbeider med næringsutvikling, regional utvikling og evaluering av offentleg verksemd. Jørgen Amdam er Møreforskings gruppeleiar for forskningsområdet, og han er også leiar for Forskningsrådets programstyre for regional utvikling. Forskningsrådet har vidare lagt koordinatorstillinga for regionalforskningsprogrammet til Møreforsking Volda. Møreforskings strategiske instituttprogrammet (SIP) i kommunikativ planlegging vart starta i 2002 og skal gå til 2004.

Innanfor velferdsforskinga er det både ungdoms- og utdanningsprosjekt og helse- og sosialprosjekt. Forskningsområdet utdannings- og ungdomsforsking har i stor grad retta seg mot utdanningshistorie, utdanning og livsløp og utdanning og velferdsstat. Fellesnemnar for mange av prosjekta har vore marginalisering og sosial ekskludering og prosjekta har over tid bygd opp lange tidsseriar av data.

Innanfor helse- og sosialfagleg forskning er det eitt stort og langsiktig prosjekt om psykiatri, og dette går til 2005. I tillegg kjem fleire mindre prosjekt. Helse Midt Noreg har lagt sitt Kompetansesenter i pasientinformasjon til Volda, og det har kome prosjekt i grenselandet regional utvikling, velferdsforsking og media.

Personale

MFV har 10 tilsette og i tillegg har 14 tilsette hatt engasjement eller bistillingar i 2003. Dei fleste av desse er tilsette ved Høgskulen i Volda. To av dei tilsette er inne i doktorgradsutdanning. Johann Roppen har vore forskingsleiar sidan 2002.

Økonomi

MFV hadde i 2003 bruttoinntekter på ca 6,4 mill. Årsresultatet etter finanspostar var negativt på knapt kr 300 000. Grunnløyvinga frå Forskningsrådet utgjør ca 11 prosent av bruttoinntektene. Eigenkapitalen er på knapt 2,7 mill. kroner.

Jakta på det regionale mennesket



Nærleik til familie og ein storslagen natur er viktigaste trekkplaster for mange i Møre og Romsdal.

Det regionale mennesket i Møre og Romsdal vil ha kort arbeidsreise, men reiser gjerne lenger for å skaffe seg kulturelle opplevingar – eller for å handle. Dette er eitt av funna i prosjektet ”Jakta på det regionale mennesket - Om bulyst og regionale tilpassingar i Møre og Romsdal”.

I prosjektet vart det plukka ut 111 personar som arbeidsgjevarane rekna som nøkkelpersonar i sine verksemdar. Dei utgjer dermed ein viktig – og konkurranseutsett – ressurs for arbeidslivet i Møre og Romsdal. Dei 111 nøkkelpersonane vart først intervjuva på telefon, og eit mindre utval vart følgde opp med djupneintervju. Resultata synte at 90 prosent av dei 111 utvalde anten sjølv hadde vakse opp i fylket eller hadde ein partner som kom herifrå. Det å vende attende til Møre og Romsdal etter å ha teke høgare utdanning eller skaffa seg viktig jobbpraksis er for mange eit val som betyr at dei prioriterer familie, slekt og vener framfor karriere.

Nærleik til naturen og flyplass er det dei fleste framhevar som viktige eigenskapar ved ”det gode liv” Møre og Romsdal. Motsett er veret, dårlege kommunikasjonar og ein lite variert arbeidsmarknad ulemper ved å bu her.

Sjølv om dei fleste hadde ei arbeidsreise på under ein halv time, såg nøkkelpersonane ikkje vekk frå at lengre arbeidsreise kunne gå an – om det vart nødvendig. Når det gjeld kulturelle opplevingar så var reiselysta større. Jazzfestivalen i Molde og Ålesund som Jugendby vart framheva av folk frå alle delar av fylke som viktige kulturelle særmerke ved fylket som dei til dømes var stolte av å syne fram for gjester utanfrå.

Prosjektet er finansiert av Noregs Forskningsråd og Møre og Romsdal fylkeskommune og har vore leia av dr. polit. Finn Ove Båtevik. Prosjektmedarbeidarar har vore Grethe Mattland Olsen og Barbro Vartdal.

Samliv kan lærast

Møreforskning Voldas evaluering av Tilskottsordninga til samlivstiltak syner at ordninga i stor grad fungerer etter siktemålet. Ordninga støttar tiltak som medverkar til å styrke samlivet for mange par. Ulike samlivskurs appellerer til ulike målgrupper med omsyn til sosial status og utdanningsnivå, og det er vanskeleg å seie at ein bestemt type kurs passar for alle. Tvert i mot ser det ut til at dersom ein skal lukkast med å nå *folk flest* i dette førebyggjande arbeidet, bør ulike lokale løysingar ivareta og støttast opp om. Tilbodet av samlivskurs er både mest variert og mest utbreidd i dei sentrale delane av landet. Mykje tyder på at terskelen for å ta del i samlivskurs er lågare her.

Dei som har vore på ulike lokale samlivstiltak, har for det meste positive erfaringar med deltakinga, og meiner at det har styrka parforholdet. Men det er lett å kome tilbake i gamle spor, og mange opplever at dei har behov for oppfølging. Såleis bør det innarbeidast praksis med oppfølging. Fleire par meiner dei kunne hatt god nytte av kurs tidlegare i parforholdet, og det kan tale for at det i større grad bør leggjast til rette for kurs som siktar mot par som er nyetablerte.

Familiar med særskilte problem og utfordringar i kvardagen, som til dømes kronisk sjukdom eller funksjonshemming hos ein av familiemedlemene, trekker spesielt fram den førebyggjande effekten av å delta på slike kurs som vi her snakkar om. Vidare ser det ut til at samlivstiltak arrangert av ulike interesseorganisasjonar og i kyrkjeleg regi, i større grad enn offentlege aktørar lukkast med rekrutteringa. Sjølv om interesseorganisasjonar og kyrkjelege organisasjonar for ein stor del rekrutterer blant sine egne medlemmer, femner dei likevel svært mange par og familiar der behovet synest å vere stort.

Evalueringa av tilskottsordninga viser at satsing på samlivstiltak er liv laga, ikkje minst ved at dei som har vore deltakarar på ulike kurs og tiltak opplever å ha fått eit stort utbytte av dette. Den store søknadsmengda og interessa blant ulike arrangørar, viser at tilskottsordninga dekkjer eit behov. Å bevare den profesjonelle fagkunnskapen som er bygd opp på dette området, samstundes som ein tek vare på idealismen og gløden som mange frivillige arrangørar og kurshaldarar legg for dagen, synes å vere ei særleg viktig framtidig utfordring. Dei som til dagleg arbeider med samlivstiltak opplever også at marknaden for denne typen kurs nærast er utømmeleg. Ei anna framtidig utfordring ligg dermed i å gjere tilbodet tilgjengeleg for fleire brukargrupper med tanke på sosial status og geografisk tilhørsle.

Evalueringa er gjort på oppdrag for Barne- og familiedepartementet. Føremålet med ordninga er å støtte tiltak som tek sikte på å styrke samliv og førebygge samlivsbrot. Prosjektleiari har vore forskar Randi Bergem. Prosjektmedarbeidarar har vore Grethe Mattland Olsen, Brynhild Solvang og Barbro Vartdal.

Arbeid gjev best integrasjon

Arbeid er det som står øvst på ønskelista for flyktingar frå Somalia og Afghanistan som har busett seg i Møre og Romsdal. Får dei seg arbeid, får dei seg gjerne både norske kontaktar, språktrening og ein økonomi som gjer at dei kan ta seg av familien sin, skriv sosialantropolog Ingun Klepp i rapporten "Etnisitet og mangfald i Møre og Romsdal", som er skriven på oppdrag av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kvinnelege journaliststudentar

Kjønnsdelt journalistikk eksisterer alt under journaliststudiet. Kvinnelege journaliststudentar er lite bevisste på den skeive kjønnsbalansen ved norske journalistutdanningar, og vil helst jobbe med featurestoff i staden for nyheiter. Dette er blant funna i ein rapport av journalist Solfrid Vartdal og som Møreforskning Volda stod ansvarleg for. Prosjektet er finansiert av Rådet for anvendt medieforskning.



Johann Roppen, adm.leiar/
forskningsleiar.

MFV har samla sett brei samfunnsvitenskapleg kompetanse med fagområde som geografi, journalistikk, landbruksvitenskap, mediefag, samfunnsplanlegging, samfunnsøkonomi, sosialt arbeid, statsvitenskap og pedagogikk representert i staben. I mange prosjekt er forskarar ved Høgskulen i Volda prosjektmedarbeidarar.

Administrasjon:

Dr. polit. Johann Roppen, adm. leiar/
forskningsleiar
Cand. philol. Reidun Høydal, forsknings-
koordinator
Marit Eliassen, konsulent

Forskarar:

Dr. scient. Jørgen Amdam, professor
Dr. agric. Roar Amdam, professor
Cand.mag. Johan Barstad, vitenskapleg
konsulent
Cand. polit. Randi Bergem, forskar III
Dr. polit. Finn Ove Båtevik, forskar II
Cand. polit. Alf Roger Djupvik, første-
amanuensis
Siviløkonom Inge Dyrhol, amanuensis
Dr. psychol. Tor Johan Ekeland, professor
Universitetet i Bergen
Cand. philol. Idar A. Flo, forskar III
Dr. polit. Kåre Heggen, professor
Cand. polit. Lars J. Halvorsen, stipendiat
Cand. polit. Ingun Klepp, forskar III
Master i samfunnsplanlegging Nina Kvalen,
forskningsassistent
Dr. polit. Rune Kvalsund, førsteamanuensis
Dr. polit. Jon Olav Myklebust, første-
amanuensis
Cand.polit. Grethe Mattland Olsen, forskar III
Master i samfunnsplanlegging Brynhild
Solvang, forskar III
Cand. polit. Geir Tangen, forskar III
Cand. polit. Barbro Vartdal, forskar III
Cand. mag. Solfrid Vartdal, journalist
Cand. paed. spec. Gerd Veddegjerde,
forskar III
Cand. polit. Lars Jørgen Vik, førstelektor

Møreforsking Molde AS

Generelt

Møreforsking Molde AS (MFM) eies av Stiftelsen Møreforsking og Høgskolen i Molde (HSM). MFM har et tett samarbeid med HSM om utvikling av FoU-nettverk nasjonalt og internasjonalt og utvikling av samarbeid med regionens næringsliv og forvaltning. HSM har gjennom dr.gradsutdanning i logistikk og stipendiater innen andre fagdisipliner en vesentlig oppgave i forskerutdanningen, mens MFM er miljøets oppdragsenhet for anvendt FoU.

Styret i Møreforsking Molde AS

Ottar Ohren (leder)
Anne Breiby
Odd Folland
Mette Rye
Knut Stenerud

Virksomhetsområder

Møreforsking Molde har disse virksomhetsområdene:

- Evaluering, utredning og analyse av offentlige tiltak og virkemidler
- Transportøkonomi
- Logistikk for privat og offentlig sektor

Personale

Ved årsskiftet hadde selskapet 17 ansatte i hel- eller deltidsstillinger. Det ble totalt utført 13,5 årsverk.

Økonomi

MFM AS hadde 8,9 mill kr i inntekter. Basisbevilgningen fra Forskningsrådet utgjorde 9,9% av de totale inntektene. De øvrige inntektene er fra prosjektarbeid med finansiering fra næringsliv og offentlige instanser.

Kunnskapsparken

Møreforsking Molde AS har kontorer i Kunnskapsparken. Her holder også Molde Kunnskapspark AS til, et selskap som arbeider med nyskaping og utvikling bl.a. gjennom en inkubator for nyetablerere. MFM deltar i dette arbeidet.

Prominence - bedre samarbeid mellom industribedrifter i Europa

Prominence-prosjektet, som inngår i Growth-programmet (EUs 5. rammeprogram), har gitt støtte til prosjekter som har som mål å løfte industrien i de nye EU-landene i øst til internasjonalt konkurransedyktig nivå. Dette skal skje ved at industribedrifter i Øst-Europa etablerer samarbeid med bedrifter i Vest-Europa, både i form av felles produktutvikling og produksjonssamarbeid. Prosjektet har fokus på organisering av samarbeid, teknologi- og kunnskapsoverføring, og ikke minst produksjonssamarbeid. MFMs deloppgave er å lage logistikkløsninger for samarbeidende bedrifter i øst og vest.

Partnerne i prosjektet er fire Extended Enterprises (EE), dvs. parvise samarbeids-konstellasjoner mellom bedrifter lokalisert i Øst- og Vest-Europa, hvorav én er i Møre og Romsdal. Prosjektet har faglig støtte fra tre universitetsmiljø (tekniske universitet i Stuttgart og Milano samt MFM) og software-selskapet Sema-Schlumberger i Barcelona, som utvikler software-løsninger til støtte for slike EE. Prosjektet pågår i tiden 2002-2005.

Kultur og næring

MFM har på oppdrag fra Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeidet en rapport om næringsøkonomiske virkninger av kulturtiltak i fylket med utgangspunktet i festivaler og museer. I rapporten drøftes teoretiske perspektiver med utgangspunkt i velferdsteorien. Virksomheten, besøkstall og driftsresultater i 12 kulturtiltak er undersøkt, og det er gjennomført sponsorundersøkelser for en del av tiltakene. Samfunnsøkonomiske effekter er kvantifisert eller vurdert og det er gjort en vurdering av utviklingspotensial for denne typen kulturtiltak. Potensialet for næringsutvikling samt virkemiddelutvikling for kultur og kulturnæringene mer generelt er drøftet.



Distriktsbasert fagmiljø med nasjonalt gjennomslag

MFMs transportgruppe vant i 2003 en større andel av Samferdselsdepartementets Program for Overordnet Transportforskning (POT). Oppdragene her består i å

- utvikle et grunnlag for mer treffsikre vegbruksavgifter for kjøretøy,
- høste erfaringer med offentlig kjøp av transporttjenester,
- forbedre innholdet i de nasjonale transportmodellene og utvikle nye bruksområder for dem.

Alle disse punktene er videreføring av forskningsfelt som har pågått i vårt miljø over flere år.

Organisasjonsreformen i Eide kommune

MFM har evaluert organisasjonsreformen i Eide kommune gjennomførte fra 1. januar 2003. Kommunen gikk da over til såkalt flat struktur ved at de tok bort sektoradministrasjonene og organiserte virksomheten i resultatenheter. Hovedutvalgene ble også tatt

bort og erstattet av prosjektorienterte komitéer som skulle arbeide med konkrete prosjekter på tvers av sektorer.

Kommunen har oppnådd en del av det som var målsettingen med reformen. De har fått en bedre økonomistyring og mye tyder på at kostnadseffektiviteten også har blitt bedre. Problemene med reformen er i stor grad knyttet til etablering av gode arenaer for informasjonsutveksling og kommunikasjon. Dette gjelder både horisontalt og framfor alt i forhold til politikere og administrativ ledelse. Mye tyder på at politikerne har fått en mer uklar og svekket stilling. Dette er den største utfordringen i forbindelse med omorganiseringen.

Kunnskapsgrunnlag for Skipsfartsmeldingen

MFH har prioritert kunnskapsoppbygging på godstransport, med vekt på mulighetsområdet for intermodale transporter i Norge. På oppdrag fra Nærings- og handelsdepartementet (NHD) har MFH arbeidet fram et kunnskapsgrunnlag når det gjelder markedet for norsk kystgods- og offshoreflåte. Dette inngår i arbeidet med Skipsfartsmeldingen som kommer i løpet av vår-sesjonen 2004. Det er lagt betydelig vekt på å belyse den norske maritime nærings-klyngen og å drøfte relevante statlige rammebetingelser og virkemidler. I og med at nærskipfarten også omfatter Nordsjøbassenget er, denne delen av næringen også behandlet i rapporten.



Foto: Ulstein Verft AS.

Den maritime næringsklyngen i Møre og Romsdal

MFH har i flere omganger undersøkt utviklingen i denne maritime klyngen, sist i 2003. Rapporten viser at klyngen har vokst gjennom hele 90-tallet og frem til 2002. Det er en forskyvning mot en relativt sett mye større utstyrsektor og en mindre verftssektor. Fortsatt er det sterke samspilleffekter mellom redere, leverandører og verft hvor skipskonsulentene spiller en nøkkelrolle for utvikling av konkurransekraften. Etter økonomisk sett gode år i 2001 og 2002, viser ordrebøkene hos verftene at næringen vil stå overfor store problemer i 2004 om man ikke lykkes med å fylle opp disse raskt. På kort sikt må næringen kjempe med knappere marginer og svake internasjonale konjunkturer. Samarbeid om salg og kostnadsreduksjoner kan være med på å styrke overlevelsesnivåen. Klyngemekanismene som har vokst seg sterke, kan være med på å gi fortrinn for samhandling.

Outsourcing har bare i noen grad funnet sted, mest for verft hva angår bygging av skrog, og det planlegges heller ikke utstrakt outsourcing av virksomhet fra Møre og Romsdal. Dette kan endre seg dersom man får rammer for offshorerederiene som gir dem incentiver til å flytte ut. Dette vil ha stor betydning for klyngen fordi den er sterkt offshorerelatert, og rederiene kontraherer mange skip og mye utstyr fra regionen.



Daglig leder Lasse Bræin.

Adminstrasjon

Daglig leder: Lasse Bræin
Førstesekretær: Tone Finnøy Straumsheim

Forskningsledelse

Transportøkonomi: dr. ing. Svein Bråthen
Logistikk: dr. ing. Oddmund Oterhals
Samfunn, organisasjon og ledelse: dr. polit. Dag M. Berge
Næringsøkonomi: professor Arild Hervik

Forskere

Dag Magne Berge, dr.polit., forskningsleder/
førsteamanuensis HSM
Bjørn Greger Bergem, siv.øk, vit.kons.
Ove Bjarnar, cand.polit. forsker II
Knut Bryn, siv.ing, forsker III
Lasse Bræin, siv.ing, forsker III
Svein Bråthen, dr.ing., forskningsleder/
førsteamanuensis HSM
Line Foss, cand.polit, rådgiver (eng.)
Arild Fuglseth, høgsk.kand., rådgiver
Arild Hervik, cand.oecon., seniorforsker
MFH/professor HSM
Solveig Husby, cand.polit., forsker III
Odd I Larsen, cand.oecon., seniorforsker
MFH/professor HSM
Roar Lervik, siv.øk. HAE, forsker III/prosjektleder
M&R fylkeskommune
Lage Lyche, cand.polit. (samfunnsøkonom),
forsker III
Frode Ohr, cand.polit., forsker III (permisjon)
Asmund Olstad, siv.øk. HAE, rådgiver MFH/
stipendiat HSM
Oddmund Oterhals, dr.ing., forskningsleder
Jens Rekdal, cand.polit. (samfunnsøkonom),
forsker II
Mette Rye, cand.oecon, forsker III
Kyrre Romuld, MSc, rådgiver
Edvard Sandvik, MA Transport Economics,
forsker III (fra 2004)
Kai Bedringås, dr.ing., førsteamanuensis HSM
Helge Bremnes, cand.oecon., høgskolelektor HSM
Arnt Buvik, dr.oecon., professor HSM
Hallgeir Gammelsæter, dr.polit, førsteamanuensis
HSM
Ingunn Gjerde, cand.polit., amanuensis HSM
Øyvind Halskau, førsteamanuensis HSM
Olav Hauge, siv.øk. HAE, amanuensis HSM
Harald Hjelle, dr.ing., førsteamanuensis HSM
Jan Husdal, MSc, dr.gradstudent HSM
Beinta Jákupsstovu, dr.polit., førsteamanuensis
HSM
Arne Løkketangen, dr.scient., professor HSM
Ottar Ohren, dr.ing., førsteamanuensis HSM
Lars Rønhoide, cand.polit., amanuensis, HSM
Turid Aarseth, cand.polit., amanuensis HSM

Kva tilbyr Møreforsking?

Forskings- og utviklingsoppdrag

Møreforsking tar på seg forskings- og utviklingsoppdrag på dei områda som er nemnde under omtalen av dotterselskapet og dei to forskingsavdelingane. Oppdragsgivarar er i første rekkje Forskingsrådet, privat næringsliv og offentlig forvaltning.

Vi yter hjelp til utvikling av nye prosjekt. Dette inneber mellom anna arbeid med å formulere og organisere prosjekt, og å finne fram til aktuelle finansieringskjelder og aktuelle fagmiljø på område der vi sjølve ikkje har nødvendig kompetanse.

Kontakt med brukarane

Møreforsking legg vekt på god kontakt og nært samarbeid med oppdragsgivarar og andre brukarar av forskning. Det viser seg at dette er viktig for å få i gang ny forskning, for gjennomføring av prosjekta og for formidling av forskingsresultata. Ta difor gjerne kontakt med oss dersom du har aktuelle forskingsbehov eller idear til prosjekt som du ønskjer å drøfte.

Informasjon og formidling

Forskinga frå stiftelsen blir formidla gjennom bøker, artiklar i tidsskrift, rapportar og foredrag og gjennom radio, aviser og fjernsyn.

Møreforsking, Hovudkontoret

Postboks 325, 6101 Volda
Telefon: 70 07 52 00. Faks: 70 07 52 01
Heimeside: www.moreforsk.no
E-post: moreforskning@moreforsk.no

Kontaktperson:
Direktør Bjørn Stave

Organisering frå 1.1.02:

Avdelingar

Møreforsking Volda

Postboks 325, 6101 Volda
Telefon: 70 07 52 00. Faks: 70 07 52 01
Heimeside: www.moreforsk.no
E-post: moreforskning@moreforsk.no

Adm. leiar/forskingsleiar:
Dr. polit. Johann Roppen

Møreforsking Ålesund

Postboks 5075, 6021 Ålesund
Telefon: 70 16 13 50. Faks: 70 13 89 78
Heimeside: www.moreforsk.no
E-post: epost@mfaa.no

Adm. leiar/forskingsleiar:
Dr.ing. Iren Skjåstad Stoknes

Dotterselskap

Møreforsking Molde AS

Britvegen 4, 6411 Molde
Telefon: 71 21 42 90. Faks: 71 21 42 99
Heimeside: www.mfm.no
E-post: adm-moreforskning@himolde.no

Dagleg leiar:
Siv.ing. Lasse Bræin